



Bø kommune

Kommunedelplan for helse- og omsorg 2016-2028



Innleiing

Helse- og omsorgstenesta har vore i ein kraftig utvikling i dei seinare åra, og nasjonalt er det utarbeida fleire Stortingsmeldingar som har tatt tak i dette. Vi kan trekke ein raud tråd frå Stortingsmeldingane om *Samhandlingsreforma* (2008-2009), *Morgendagens omsorg* (2012-2013), *Folkehelsemeldingen* (2014-2015) og *Fremtidens primærhelsetjeneste* (2014-2015). Dagens regjering har følgd opp intensjonane i desse Stortingsmeldingane i dokumentet *Omsorg 2020* (som er ein plan for omsorgsfeltet i perioden 2015-2020).

Felles for desse nasjonale dokumenta er at dei peikar på nokre hovudområder som må på plass for å sikre ein berekraftig helse- og omsorgsteneste:

- Tenesta må utviklast saman med brukar/pasient, tenesteytarar og deira pårørande. I Bø har vi m.a. oppretta eigne brukarforum innafor sektoren (i tillegg til eldreråd og råd for funksjonshemma), samt at vi i 2015 starta opp med systematiske *brukarundersøkingar* i sektoren.
- Tenesta må ha fokus på fagleg omstilling der ein ser på endra og høgare kompetanse, nye arbeidsmetodar og nye faglege tilnærmingar. Mestring, rehabilitering og førebygging er sentrale omgrep. I Bø har vi m.a. starta opp med *systematisk rettleiing* av tilsette, samt at vi i 2015 m.a. har utarbeidd ein *Strategisk kompetanseplan* innanfor sektoren.
- Tenesta krev og fagleg og strategisk leiarskap. Leiarutvikling og nettverksarbeid leggst fram som sentrale element i dette. I Bø er m.a. alle leiarane med i eit eige leiarutviklingsprogram, samt at vi i sektoren i 2015 har utarbeidd ein eigen rettleiar for avdelingsleiarane «*Arbeidsgjevarpolitikk – ein rettleiar for leiarar*».
- Framtidas institusjonar og omsorgsbustader må utformast ut i frå dei behov morgondagens brukarar har, og det vil vere brukarar i alle aldersgrupper. I Bø har vi i nyare tid satsa på ein ny *avlastingsbustad for born og unge*, «smarte» *omsorgsbustader* (som enkelt kan skifte funksjon frå omsorgsbustad til institusjonsdrift), samt at vi i 2015 ferdigstillar ein heilt ny *moderne sjukeheim*.
- Dei største endringane innanfor helse- og omsorgstenesta har dei siste tiåra likevel skjedd i heimetenestane. Det handlar om ei auke i talet på brukarar, nye brukargrupper og at mange oppgåver er flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunen. Fleire ønskjer

også å bu heime til tross for store hjelpebehov. Dette gjer at det vil vere eit behov for å auke ressursane innanfor fleire ulike tenesteområder (som t.d. heimesjukepleie, lege, fysioterapi, hjelpemiddel etc.)

Helse- og velferdssektoren i Bø er godt i gang med mange prosesser som vil bidra til å skape ei berekraftig helse- og omsorgsteneste. I tillegg til dei som er nemnt ovanfor er det etablert eit *Tildelingskontor, oppretta ei Fagavdeling (der ein har samla store delar av sjukepleiarkompetansen på Korttidsavdelinga), utvida talet og bruken av korttids plassar* og vi deltek i eit Effektiviseringsnettverk knytt til «*tenester til utviklingshemma*» og «*kvardagsrehabilitering*». Det er likevel behov for å ta ytterligare grep. Vi må både auke og omdisponere ressursar, utforme nye løysingar på tvers av fagområde, ta i bruk ny teknologi og nye faglege metodar.

Alle prosessane vi er i gang med i Bø, og etter kvart skal starte på, må vere forankra i organisasjonen, ha god styring og struktur. Difor er det viktig å samle prosessane og arbeidet i ein overordna kommunedelplan. For å unngå at den blir ein stykkevis og delt, har vi samla alle fagområda innanfor sektoren i ein og same plan.

Dette gjeld fagområda:

- Helsestasjon
- Skulehelsetenesta
- Fysioterapi
- Ergoterapi
- Legetenesta
- Friskliv
- Tekniske hjelpemidlar
- Institusjonstenester
- Psykisk helse- og rusarbeid
- Utviklingshemma
- Avlastingstilbod for born og unge
- Heimesjukepleie
- Heimehjelp
- Arbeids- og aktivitetstilbod
- Kjøkkentenester

Frå plan til handling

Kommunedelplan for Helse og omsorg skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Bø kommune sin politikk innanfor dette feltet i perioden 2016-2028. Planen skal rullerast kvart fjerde år, og skal følgjast opp av ein handlingsplan med prioriterte tiltak som reviderast kvart år i samband med kommunens budsjettbehandling. I dette arbeidet tar vi utgangspunkt i dei rammene vi har til rådvelde som følgje av lov, vedtak og andre føringar. Dette gjeld til dømes både økonomiske, arealmessige og personalmessige ressursar. Det er viktig å vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Bø kommune er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Arbeidet innafor helse- og omsorgssektoren må difor sjåast på som ein del av samfunnsutviklinga, og eit samarbeid mellom kommunen og mange andre aktørar (frivillige organisasjonar, yrkesgrupper i privat sektor etc.).

Visjon for Bø kommune

Bø – bygda for trivsel, mangfald og vekst (slik den er vedtatt i kommuneplanen sin samfunnsdel)

Målsetting

- Bø skal levere gode og brukarretta tenester der vi brukar ressursane i kommunen mest mogleg effektivt.
- Bø kommune skal ha ein oppvekstpolitikk der det langsiktige målet er at barn som veks opp i Bø gjennom grunnskulen er rusta for å fullføre vidaregåande skule.
- Bø kommune skal føre ein aktiv folkehelsepolitikk for alle, i alle aldersgrupper. Satsing på førebyggjande og helsefremjande tiltak vil dempe det framtidige behovet for tenester. Den årlege folkehelseprofilen er mellom anna eit godt mål på utviklinga på folkehelsearbeidet i kommunen.
- Bø kommune skal legge til rette for at innbyggjarar, unge som eldre, med spesielle behov skal ha eit aktivt, trygt og godt liv.
- I Bø kommune skal flest muleg av dei som har behov for daglege helsetenester kunne bu heime så lenge som mogleg i omgjevnader som folk opplever som trygge og forsvarlege.

Strategiar

1. Bø skal levere gode og brukarretta tenester der vi brukar dei kommunale ressursane mest mogleg effektivt

1.1 Bø kommune skal bruke relevant styringsdata for å kunne samanlikne oss med samanliknbare kommunar

1.2 Bø kommune skal i samarbeid med kommunane i Midt-Telemark vidareutvikle felles løysingar der det er naturleg

1.3 Samarbeide med kommunane i Midt-Telemark for å ta i bruk felles digitale løysingar der det gjev ei meir effektiv drift

1.4 Bruke spørjeundersøkingar for å kartlegge brukarerfaringar i arbeidet for å skape ein meir serviceinnstilt organisasjon

1.5 Utarbeide strategiar for å etablere tettare samarbeid med frivillige lag og foreiningar for utvikling og drift av brukarretta tenester.

1.6 Utarbeide strategiar for å betre kunne ta i bruk det store ressurspotensiale som ein ny generasjon eldre har.

2. Bø kommune skal ha ein oppvekstpolitikk der det langsiktige målet er at barn som veks opp i Bø gjennom grunnskulen er rusta for å fullføre vidaregåande skule.

2.1 Tidleg innsats og godt samarbeid mellom familiar, helsestasjon, skulehelsetenesta, barnehage, skule, fysioterapitenesta, psykisk helse og rus, barnevern etc. for på tidlegast muleg tidspunkt sette i verk tiltak for familiar og ungar som slit (vi må vere merksame på at Bø har ein fattigdomsproblematikk som råkar born og unge).

2.2 Utvikle og styrke ressursane i helsestasjons- og skulehelsetenesta i sin heilskap (der ein og inkluderer andre fagområde som psykisk helse, fysioterapi etc.).

2.3 Førebygging er eit satsingsområde. Skulehelsetenesta, fysioterapi og helsestasjon må arbeide aktivt saman med skule og barnehage.

3. Bø kommune skal føre ein aktiv folkehelsepolitikk retta mot alle aldersgrupper. Satsing på førebyggjande og helsefremjande tiltak vil dempe det framtidige behovet for tenester. Den årlege folkehelseprofilen er mellom anna eit godt mål på utviklinga på folkehelsearbeidet i kommunen.

3.1 Ha fokus på folkehelse i alt planarbeid i kommunen og vidareutvikle folkehelsesamarbeidet med ulike aktørar.

3.2 Drive oppsøkjande førebyggjande verksemd til eldre heimebuande der ein tek opp aktuelle tema som t.d. fallførebygging, psykisk helse, KOLS, diabetes, demens/kognitiv svikt etc.

3.3 Vidareutvikle Frisklivssentralen sitt konsept, med auka fokus på born og unge.

4. Bø kommune skal legge til rette for at innbyggjarar, unge som eldre, med spesielle behov skal ha eit aktivt, trygt og godt liv

4.1 Bø kommune skal levere gode brukarretta helse- og omsorgstenester.

4.2 Samarbeide med frivillige lag og foreiningar om utvikling og drift av ulike tiltak og tenester.

4.3 Styrke bruken av støttekontakttenesta

5. I Bø kommune skal flest muleg av dei som har behov for daglege helsetenester kunne bu heime så lenge som mogleg i omgjevnader som folk opplever som trygge og forsvarlege.

5.1 Bø kommune skal i planperioden prioritere heimesjukepleia og arbeide for å få på plass ei omsorgstrapp som tek vare på den enkeltes medisinske behov og behov for tryggleik i det daglege

5.2 Halde fokus på aktiv rehabilitering i heimen (kvardagsrehabilitering) og at det bør vere tilbod om rehabilitering på den nye korttidsavdelinga

5.3 Styrke bruken av BPA (brukarstyrt personleg assistanse)